



Tur nr 12 Lønningane

Flott utsyn mot Fortunsdalen, Bergsdalen og Hurrung-massivet med Skagastølstindane med Storen (2405 moh). Gammal støl for gardane på Yttri. Restar av gammalt sel. 320 kilovolt kraftlinje går forbi stølen. Stien går gjennom freda furuskog, Yttrismorka.

Parkering:

Køyr på riksveg 55 til Fortun. Ta av til Skagen. Like etter brua ved kraftstasjonen tar du av til venstre over brua mot Yttri. Køyr vidare til parkeringsplassen ved informasjonstavla.

N 61°30'25.6" E 07°41'27.8"


Stien og skogen

Stien til Lønningane er bratt, men tydeleg og godt merka, og følgjer den gamle kløvjevegen til stølen. Om lag halvages oppe kryssar stien Løyftegrovi, og går inn i Yttrismorka. Her finn me fureskog med tre som kan vera over ein meter i diameter, og over 300 år gamle. I dag er Yttris-morka friviljug verna. Bøndene får betaling for at dei ikkje høgg skogen. Tidlegare hogg dei tømmer her, og køyrde eller drog tømmeret til Løyftegrovi, og sende stökkane nedover grova når ho var islagd. (*grov = bekk*)

Kvileplassane

Om lag 20 minuttar gange frå bilvegen finn me første kvileplassen, ein stor flat stein, som heiter **Lauvstein**, og vart nytta til å setja opp lauvrauk på. **Eit lauvrauk var eit byggverk av lauvkjervar oppsett slik at regnet skulle renna av og lauvet skulle tørka. I form likn lauvrauket på ei kjege. Det var gjerne 5 til 10 tjuv med kjervar i rauket det vil seia 100 til 200 kjervar. Å setja opp slike rauk kalla dei å røyka lauvrauk, og det var arbeid som kravde spesiell kompetanse.**

Etter om lag 20 minuttar gonge vidare, kjem me til tre almar, og deretter ein einsleg alm. Dette er **Kvilealmen**. Her er nokre steinar som høver til kvileplassar. Også ved **Løyftegrova** er det kvileplass, og høve til å sløkkja torsten. I det stien nærmar seg kraftlina, kjem



me til eit område kalla Orrhøneret. Om ein er heldig, kan ein sjå orrfugl her. Her har ein gong vore ei kolmile. Det finst enno kolrestar i jorda. Etter at me har passert første masta, flatar vegen ut. Området her heiter Djupedalane.

Stølen

Lønningane var vårstøl nummer to for dei tre bruka på Yttri. Her var og eit slåttegjerde på om lag 60 mål. Her var løe og tre sel. Berre delar av Kleivasetlet står att. Første vårstøl var Marki og Brekka som låg nær gardane i 150 meters høgde. Fjellstølen var Guridalen. På stølen ble det produsert kvitost og brunost. I helgane kunne det vera spel og dans her, og bøndene hadde laga seg badedam ovanfor sela.

Dyrehold på stølen på 1930 talet:

Bruk	Kyr	Geiter	Ungfe	Hest
1 (Yttri)	10	42	11	2
2 (Kleivi)	5	25	4	1
3 (Hjelleåkeren)	7	30	5	1

Tid:	3 timar samla gangtid
Høgde:	100 — 650 meter
Lengde:	4 km Tur retur
Kart:	Mørkridsdalen 1418 II (1:50000) eller Breheimen (1:100000)
Post:	Ved muren på stølsvollen
Merka:	O-merka

